



FORTIDSMINNEFORENINGEN  
Sunnmøre lokallag

Fortidsminneforeningen Sunnmøre lokallag

Postboks 114

6001 Ålesund

05.11.20

Volda kommune

Postmottaket

Stormyra 2

6100 Volda

## Høringsuttale til planforslag: Detaljregulering for Rotsetfjóra gbr. 30/157, 30/286 m.fl.

Saka gjeld endra forslag til detaljregulering for Rotsetfjóra som gjeld eit område med status som omsynssone H570 der samfunnet pliktar å ta særleg omsyn til fleire freda kulturminne i eit heilskapleg historisk kulturmiljø. I saksomtale for høyring av endra planforslag skriv kommunedirektøren at ein no har gjort grep som imøtekjem tidlegare merknadar, og som vil ivareta kulturminne i området. Fortidsminneforeningen deler ikkje dette synet.

Sidan 2012 har vi skrive fem merknadar til høyringsuttalar til Volda kommune i møte med ulike forslag til detaljregulering av området. Vårt engasjement i saka gjeld arbeidet for ivaretaking av eit spesialområde for bevaring av bygningsmiljø. Vår innvending til forslag om massiv og konsentrert utbygging, til forringing og fortrenging av eksisterande kulturmiljø, gjeld framleis.

Området Rotsetfjóra har unike kulturhistoriske verdiar med freda kulturminne ved Ristetunet og Garveriet, landvoren og sjøarealet utanfor, samt verne- og omsynssone for bustadar og naustmiljøet langs Naustvegen. Sjølv om framlegget til ny plan for utbygging viser til tilpassingar for kulturminne, kan vi ikkje sjå at omsynet til freda bygg og eksisterande kulturminne er tilstrekkeleg ivareteke.

Planforslaget opnar for konsentrert utbygging av 30 leilegheiter og ein firemannsbustad, og opnar for å auke byggevolum og høgd i to blokker mot sjøkanten med tillate gesimshøgd kote + 22 m. Avstanden mellom Garveriet med 8 meter høgd og næraste bustadblokk er skissert til 46 meter. Spezialområde for bevaring av bygningsmiljø vert med ei slik utbygging fullstendig dominert. Volda kommune praktiserer ikkje med dette god byggeskikk som i følgje statens byggeskikkutvalg viser omsyn for *mitt*

*hus som di utsikt.* Ved å legge til rette for store og høge bygg, reduserer vi andre bygg si vesentlegheit i omgjevnadane. Ved å opne for høgbygg i sjøkanten, stenger vi for utsyn mot fjorden som ein grunnleggande livskvalitet for allmenta. Utbygging av bustadblokker i området for Volda si tettaste lokalisering av freda bygg med nasjonal verneverdi, vil forringe verdien og bruken av desse. Vi har difor følgjande merknadar:

- *Prosjektet er for høgt og har for stort omfang, og vil fungere som ei barriere for bustadområde i bakgrunnen*
- *Ristetunet og Garvarbuda har ikkje gode nok omsynssoner i planen*
- *Dei høge bustadblokkene strir med eksisterande bygningsmiljø*

Volda kommune bør ikkje opne for detaljregulering av mindre område utan at arealdelen for kommuneplanen for Volda ligg føre. Slik misser vi moglegheit for diskusjon om alternative løysingar for arealbruk, og kan unngå privatisering som forringar folks tilgang til og forståing av kulturminne i eit heilskapleg miljø.

- *Med den store konsentrasjonen av kulturminne i området meiner vi det er viktig at ein vurderer arealbruken av området gjennom ein formell og heilskapleg planprosess*

Dette prosjektet harmonerer dårleg med Volda kommune sine vedtekte føringar for ivaretaking av kulturminne i lokalsamfunnet. I kommunens kommunedelplan for kulturminne 2017-2021, s. 6 les vi:

*Lov om kulturminna (kulturminnelova) seier at kulturminne og kulturmiljø skal vernast som ein del av vår identitet og kulturarv, som ledd i ei heilskapleg miljø- og ressursforvaltning. Når vedtak påverkar kulturminne, skal kommunen ta omsyn til kulturminnelova sitt overordna formål.*

Denne saka får alvorlege og langsiktige konsekvensar for forståing og oppleving av eit heilt avgjerande kulturmiljø i Volda: Rotsetfjøra og Nedre Rotset er staden for etablering av Volda som tettstad.

- *Vi ber difor om at kommunen viser omsyn til og tek ansvar for kulturminne i området, og stoppar den planlagde utbygginga i Rotsetfjøra*

Med vennleg helsing



Sekretær,

Styret i Fortidsminneforeningen Sunnmøre lokallag